



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Høyring - Sørheimutvalet - inntektssystemet for kommunane

Vi viser til høyringsbrev av 26. oktober 2007.

Fylkesmannen kan slutta seg til mange av konklusjonane i rapporten, men har også ein del atterhald.

Merknader til forslag om endringar av inntektssystemet vil alltid vere prega av konsekvensane for eigen/eigne kommunar. Vi finn det også i denne samanhengen naturleg å sjå på korleis kommunane i fylket kjem ut, og med det biletet vi har av økonomisk status og tenestenivå i kommunane som ein målestokk.

Når ein ser resultata for kommunane i Rogaland, er vi såleis i tvil om innrettinga av det nye distriktpolitiske tilskotet med kopling til det distriktpolitiske virkeområdet. Vi er samde i at det er uheldige sider ved dagens ordning på dette feltet. Fordelen er at det i dag lett kan påvisast kva kommunar som skal ha tilskot, og kor mykje, medan den nye ordninga er meir uoversiktleg, med soneinndeling basert på ein distriktsindeks med, slik vi forstår det, eit skjønsmessig utval av kriterium og skjønsmessig vekting av desse. Dessutan inneber ordninga eit skjønsmessig element ved at ein lagar samanhengande soner, slik at eigenskapar ved nabokommunar kan påverka tilskotet. Det er også gitt ei spesiell vurdering av to kommunar (Bodø og Tromsø).

Fylkesmannen er ikkje overtydd om at dette treff godt nok. Grensa for skattenivå for tilskotet bør kunna senkast noko, til 115 eller 110 %.

Ein del kommunar i fylket som er med i sone III, og i dag har regionaltilskot, vil ikkje få distriktstilskot etter det nye opplegget fordi dei tydelegvis har for høge indeksverdiar. Det kan tenkjast at kommunar i andre fylke som får tilskot, har like høge indeksverdiar, men tener på prinsippet om samanhengande soner. I tillegg er det nokre kommunar i sone I og II som ikkje vil få distriktstilskot. Nokre av kommunane det her gjeld, kan få vanskar med å overleva som kommunar med den langsiktige tilskotsreduksjonen det blir lagt opp til, særleg dei minste av desse. Det heiter at desse kommunane kan kompensera gjennom skjønstilskotet. Dette vil i så fall måtta innebera ein vesentleg auke i skjønstilskotsramma for Rogaland.

Når det gjeld grad av inntektsutjamning, meiner vi utjamning utover det føreslegne

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

nivået på 60 %, må vurderast i høve til den lokale inntektsforankringa. Legitimiteten til skattesystemet og det lokale sjølvstyret kan svekkast ved for stor flytting av inntekter frå dei område i landet der verdiskapinga skjer. Ein del kommunar i fylket har gode skatteinntekter. Men dette har også ei "utgiftsside". Skatteinntektene reflekterer høgt inntektsnivå i privat sektor og dette fører med seg auka løns- og rekrutteringskostnader i offentleg sektor.

Med helsing

Harald Thune

Grete E. Øvernes
avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Tor Olav Hauge
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 07
E-post: tor.olav.hauge@fmro.no